

HAN UNGEN MIN SKAL SLEKTAST PÅ

AV MARI QVILLER

Genesis 38

«Han spilte sæden på jorda for å ikkje gi sin bror avkom. Det Onan gjorde, var ondt i Herrens auge.»

Eit kontor.

Ein kar med nøkkelband rundt halsen sit ved pulten sin. Det er Solheim.

Ein annan, Mathisen, kjem inn og set eit kaffikrus ved sida av datamusa til Solheim.

SOLHEIM

Takk skal du ha.

MATHISEN

Jau

Mathisen set seg med ryggen mot Solheim.

Solheim løftar opp kruset og oppdagar teksten. «The world's best daddy».

SOLHEIM

Kvifor får eg den?

MATHISEN

Tek du med ein til meg, sa du.

SOLHEIM

Men kvifor fekk eg ikkje eit av dei med kommunevåpenet på? Det er berre eitt krus i hylla som ser sånn her ut, medan det er mange med våpen.

MATHISEN

Berre hyggeleg.

SOLHEIM

Dette kruset har nokon teke med seg heimifrå.

MATHISEN

Eg fekk det av dottera mi.

SOLHEIM

Kvifor dregg du ifrå krus med våpen på då?

MATHISEN

Eg tenkte vel du var betre daddy enn meg då. Sånn i farta.

SOLHEIM

Eg har ikkje ungar.

MATHISEN

Du får ta det som ei oppmoding.

Det er vel på overtid å bli sat i produksjon sjølv.

SOLHEIM

Javel. Kor gamal er dottera di?

MATHISEN
For ung for deg.

SOLHEIM
Det er du som kallar meg daddy

MATHISEN
Skal du på møtet no?

SOLHEIM
Drøymer du om meg? Er det det?

MATHISEN
Når du blir gamal. Kven skal lage middag til deg då? Besøke deg på sjukeheimen.

SOLHEIM
Kanskje deg? Om du tenker så varmt om meg.

MATHISEN
Ha ja.
Du veit, ein dag vart eg plutsleg femti.
Ungkarstilværet gjer seg kanskje godt i einsemd, men gubbedomen er berre trist, skal eg seie deg.

SOLHEIM
Eg er ein moderne mann.

MATHISEN
Så er det likevel nokon ting vi berre er meint til å gjere. Då ser ein lett at fridomen er oppskrytt.

SOLHEIM
Ja eg ser det. At måten du trakterar excelark på, er med ei mykje meir verdig og djupare forståing av livet sjølv. Mykje større enn eg nokon gong vil forstå meg på.

MATHISEN
Det er farskapen som gjer det vettu.
Vert du med på møtet?

SOLHEIM
Eg skulkar.
Fordi eg er slik ein moderne mann.

MATHISEN
Det er faen meg ingen som gjer jobbane sine lenger.

SOLHEIM
Eg skal hjelpe min sjuke gamle nabo med å flytte.

MATHISEN
Det seier dei alle.

SOLHEIM

Strengte gamle damer er tjukkare enn blod, veit du.

MATHSEN

Det funkar ikkje slik berre fordi blodet hennar er tjukt, veit du.

SOLHEIM

Aldri snakk sånn om Randi igjen.

Solheim tek på seg jakka si.

MATHISEN

Gid å vere elska som ho Randi

SOLHEIM

God helg.

Solheim går.

Solheim kjem inn på eit lite bad.

Han heng frå seg jakka, set eit lite glas på vasken og set seg oppå dolokket.

På vasken ligg det pornoblad. Han tek eit og blar i det. Fniser litt. Tek seg til skrittet.

Nokon banker på døra.

SOLHEIM

Jau?

SJUKEPLEIAREN

Lars?

SOLHEIM

Jau?

SJUKEPLEIAREN

Har du to minutt?

SOLHEIM

Jau.

Han opnar på gløtt.

SJUKEPLEIAREN

Eg tenkte du skulle sleppe å..

Fullbyrde.

SOLHEIM

Sleppe?

SJUKEPLEIAREN

Ja. Det er litt morsamt, faktisk.

Eg tenkte då du kom inn at «der er Lars».

Også slo det meg at eg ikkje kan namnet på nokon andre som er innom her.

Så eg sjekka, dobbeltsjekka, kor mange gonger du har vore her. Og du har.. haha, ja eg må jo berre beklage, men du har donert for mykje. Av det gode.

Så eg har ikkje lov til å ta imot meir frå deg.

SOLHEIM

Javel.

SJUKEPLEIAREN

Så du treng ikkje å donere meir.

SOLHEIM

Det er ikkje noko problem.

SJUKEPLEIAREN

Du kan ikkje donere meir

SOLHEIM

Ikkje det?

SJUKEPLEIAREN

Nei, vi kan ikkje ha - vi prøver å ha litt mangfald då. Også er det eitt tak. Men du skal ha takk for tru teneste.

SOLHEIM

Eg hadde så gode prosentar, sa du. Det gjer meg ingenting å halde fram.

SJUKEPLEIAREN

Ja, haha. Men vi må jo sjå til at ikkje alle ungane får same donor.

SOLHEIM

Har eg for mange barn?

SJUKEPLEIAREN

Det har ikkje noko med saka å gjere.

SOLHEIM

Men eg har fått barn?

SJUKEPLEIAREN

Det kan eg ikkje seie noko om. Det veit du.

SOLHEIM

Det hadde ikkje vore noko problem at eg ga meir, om alle forsøka mine hadde gått i dass.

SJUKEPLEIAREN

Då hadde det kanskje ikkje vore noko vits i å halde fram heller.

SOLHEIM

Men er det tilfellet?

SJUKEPLEIAREN

Du skal få betalt for denne gongen her, altså. Det er vår feil.

SOLHEIM

Det gjer meg ingenting å gi ein siste gong.

SJUKEPLEIAREN

Det er ikkje vits.

SOLHEIM

Eg treng ikkje betalt

SJUKEPLEIAREN
Du får betalt.

SOLHEIM
Då vil eg gi.

SJUKEPLEIAREN
Det vert destruert.

SOLHEIM
Gjer kva du vil med det.

SJUKEPLEIAREN
Det vert berre ekstra jobb for meg, altså.

SOLHEIM
Gjer kva du vil, seier jeg. Eg drit no i om det vert destruert. Kva no enn det måtte bety.

SJUKEPLEIAREN
Dei vert brunne.

SOLHEIM
Må ikkje det for min del. Om det handlar om personvern.

SJUKEPLEIAREN
Det handlar om hygiene.

SOLHEIM
Javel.

SJUKEPLEIAREN
Sånn er reglane.

SOLHEIM
Når er det sæden går frå å vere verdt ein heil løk til å bli eit hygieneproblem?

SJUKEPLEIAREN
Det er vel som med alt anna. Du kan jo betale dyre dommer for ei underbukse, men om du finn hundre av dei strødd på gata er dei ikkje stort verdt.

Solheim lukker døra. Tek seg til skrittet. Tek seg nedi buksa.

Sjukepleiaren riv i døra. Vert litt overraska over at ho var open.

Solheim får augekontakt med sjukepleiaren. Han held fram.

SOLHEIM
Orsak? Eg må berre tisse.

Ho smell igjen døra.

*Solheim stoppar. Låser døra. Han tek opp mobilen sin og set på ein video.
Han held fram.*

Frå videoen høyrer:

«Pilt? Pompel?

Piilt? Pompel?»

Solheim grip etter det vesle glaset, men rekk det ikkje.

Solheim og Lara sit på golvet, foran stuebordet. Mellom vinglas ligg spelekort spreidd utover på teppet.

Lara trekk eitt nytt kort og les.

LARA

Kva er dine dealbreakarar?

SOLHEIM

Ja, kva snakkar me om då?

LARA

Du veit - smatting, silikon..

SOLHEIM

Eg tykkjer dei greiane der er så konstruert? Kvifor skal ein ha så mange absoluttar, liksom. I det heile, kvifor likar ikkje menn kvinner lenger?

Lara les instruksane.

LARA

You tell me, men det er ikkje ein einaste mann som har vore med å lage spelet.

SOLHEIM

Då ville eg aldri lege med nokon som lagar sånne drittspel

LARA

Heiheihei, dei damene gjer eit ærleg arbeid. Du får det til og med gratis når du kjøper vibrator.

Solheim tek ein slurk vin.

SOLHEIM

Kva er din då?

LARA

Min dealbreakar?

Om ein kar har ein kink. Det er aldri bra.

SOLHEIM

Sånn, generelt?

LARA

Menn burde berre vere takksame for at kvinner held fram med å ligge med deg. Sånn etter alt.

SOLHEIM

Etter alt?

LARA

Ja, du veit. Alt.

SOLHEIM

Så for å forføre deg må eg kva då? Skrifte?

LARA

Du har i alle fall litt å motbevise. Er ein mann er ein eit red flag i seg sjølv

SOLHEIM

Kjære kvinnelege guddom -

LARA

Kvifor ser du opp? Sjå på meg.

SOLHEIM

Kjære kvinnelege guddom. Orsak. For all skade mitt kjønn har påført den heilage mor.

Lara trekk enda eit kort og les.

LARA

Kva er din favoritt-sexstilling?

SOLHEIM

Eg likar ingenting eg. Eg er berre ein reiskap.

LARA

Eg tek det tilbake. Passive menn er jævla kleint.

Barnegråt høyrest gjennom veggen.

LARA

No var det nokre små menn som blei snurt.

Er han din?

SOLHEIM

Apropos det...

LARA

Kva faen, når tenkte du å sei ifrå til meg?

SOLEHEIM

Du veit, eg og ho Randi har jo alltid vore nære. Og ho elsker mancauvinistiske små gitar som meg.

Gråten held fram. Dei lyttar ei stund.

LARA

Flytta ho?

SOLHEIM

Tja. Ho måtte på sjukeheimen. Så no har det blitt hakket meir futt i overetasjen.

LARA

Har det flytta inn ein beibi heilt på eigenhand?

SOLHEIM

Ja, veldig snålt var det. Han hadde hatt med brem og stresskoffert, sjølv om han gjekk med bleie. Det er noko rart i vatnet.

LARA

Kven er dei?

SOLHEIM

Eg har ikkje helsa.

LARA

Ser dei ut som greie folk?

SOLHEIM

Dei har dyre møblar og mange vennar.

LARA

Ja. Men kva slags folk er dei?

SOLHEIM

Foreldre. Vanlege folk.

LARA

Går dei på vidaregånde? Er dei sjukt kristne? Er dei pene?

SOLHEIM

Dei.. er pene.

LARA

I tøyet?

SOLHEIM

Jau. Men i trynet og. Dei er sånn konvensjonelt pene.. damer, liksom.

LARA

Kvifor sa du ikkje det?

SOLHEIM

Så pene er dei no ikkje.

LARA

Lars. Du har fått lesbenaboar. Veit du kva for ansvar det inneber?

SOLHEIM

Nei.

LARA

Du må vere så jævla friksjonslaus. Du skal vere den fåkkings tryggaste naboen dei kunne drøymt om. Så må du for guds skuld ikkje ta det opp, ikkje før dei gjer det.

SOLHEIM

Jau.

Lara reiser seg.

SOLHEIM

Fer du heim?

LARA

Eg kan ikkje suge pilten din når det er to gudinnar i overetasjen som lagar stjernestøv og jesusbarn. Det forstår sjølv du at vert patetisk.

SOLHEIM

Eg hadde ikkje tenkt på det.

LARA

Kjem du?

SOLHEIM

Eg tenkte ikkje det?

LARA

Sikkert lurt.

Ho fer. Solheim lyttar til gråten.

Mathisen kjem inn på pauserommet og putter ein Tupperware i mikrobølgeovnen.

Solheim kjem inn og set seg i sofagruppa. Ventar.

Det tek tid før mikrobølgeovnen seier pling.

Når Mathisen tilslutt set seg med Solheim for å ete, er maten hans litt for varm.

SOLHEIM

Får eg sjå eit bilde av dottera di?

MATHISEN

Det kjenner eg spørs litt.

SOLHEIM

Liknar ho på deg?

MATHISEN

Ja, huff, den vesle stakkaren.

SOLHEIM

Får eg sjå?

Mathisen tek fram mobilen sin.

MATHISEN

Spesielt då ho var heilt lita. Då var det noko med auga hennar, som berre kjentest. Kjend. Som om ho visste alle hemmelegheitene mine. Eg var livredd ho.

SOLHEIM

Du var redd.

MATHISEN

Fram til eg skjønte kor dum ho var.

SOLHEIM

Kjente ho deg igjen?

MATHISEN

Frå kor?

SOLHEIM

Då ho kom til.

MATHISEN

Kven veit? Eg er vel ikkje akkurat av den uforglemmelege typen.

SOLHEIM

Naboen har fått ein unge.

MATHISEN
Gamla?

SOLHEIM
Dei som tok over for ho. Har fått ei lita jente.

MATHISEN
Jaggu. Kven er dei?

SOLHEIM
Ho liknar på meg.

MATHISEN
Naboen?

SOLHEIM
Den vesle jenta deira.

MATHISEN
Hm

SOLHEIM
Tenk at ho går rundt og får skubbsår og lus og killing i magen. At ho i det heile har ein mage det kan kile i.

MATHISEN
Vert du verpesjuk no?

SOLHEIM
Tenk at tottelottane hennar klaskar barföt på dei same furborda som eg kallar tak.

MATHISEN
Kor gamal er ungen?

SOLHEIM
To år, toppen.

MATHISEN
Det er ein fin alder.

SOLHEIM
Nei. Dei kranglar mykje.

MATHISEN
Naboen?

SOLHEIM
Snakkar om å få eit barn til. Kanskje dei vil ha eit barn til. Og då vil dei gjere det sånn at barna er i slekt. Sånn at dei er søsken på ekte. Sjølv om dei har kvar sin. Det kranglar dei om.

MATHISEN
Kven er dei?

SOLHEIM
På postkassa står det Wold. Dei er to damer.

MATHISEN
Dei er ikkje herifrå?

SOLHEIM
Det kan du seie.

Mathisen et.

SOLHEIM
Dei kødder sikkert med at dei har prøvd og prøvd, men neggu om det går gitt.

Mathisen et.

SOLHEIM
Det er ikkje så viktig.
Det berre slo meg at når, om folk fortel ungane at dei likner på kvarandre, så er det ikkje foreldra si skuld. At dei har høge kinnbein og krøllar, og same farga på auga.
Dei veks opp i lag, og kranglar og langar til kvarandre. Men det som gir dei den, det usynlege som bind dei i hop. Det er nokon andre.

MATHISEN
Jau. Det er jo spesielt å tenke på.

Mathisen et.

5

To damer i 30-åra søv på sofaen. Dei held rundt kvarandre mens nyheitane på TV varslar om det same gamle, og ei lita jente leiker på golvet framfor dei.

Ein radiobil kjem køyrande inn i stua. Han lagar sirklar rundt den vesle jenta. Ho flirer. Radiobilen dultar borti ho. Ho dett over ende og set i eit frydefullt hyl.

*Den eine dama vakner frå sofaen.
Ho får auge på radiobilen, som ertar den vesle.
Sit og ser på han ei stund.
Dultar borti kjærasten sin.*

Kjærasten vakner og grip straks tak i den vesle. Løftar ho og ber ho ut. Den vesle hylar misfornøgd.

KJÆRASTEN
Hysj. Hysj så.

Den attverande dama går til åtak på radiobilen. Sparkar han. Dæljar han i bakken. Knusar han til pinneved.

Kjærasten kjem inn att. Ho spring får å låse døra, tar armen rundt dama si. Dama søkk hikstande inn i skuldra hennar.

Ungen hylar frå rommet ved sida av.

6

Solheim sit på ein benk. Han har ein termos og eit krus med teksten «The world's best daddy».

SOLHEIM

For ho er det ei æve til ho vert femten, men for meg veks ho opp så alt for fort. Og snart finn ho ut at vi alltid har vore nær. Då er det inga sørgeleg forteljing om ein fråverande far. Ho får ein konvolutt i posten med namnet mitt inni. Då går me berre djupare og djupare.